



Leger i spesialisering del 1, 2. halvår 2020, sjå eiga liste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ellen Bang Andersen, 35 58 63 42

## Invitasjon til kurs i akuttmedisin for legar i spesialisering del 1 (LIS1) i Vestfold og Telemark (område TELEMAR), 2. – 3. september 2020 i Seljord

Seljord legevakt arrangerer saman med helse- og omsorgsavdelinga hos Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, kurs i akuttmedisin for leger i spesialisering del 1 (LIS1). Kurset er obligatorisk for LIS1.

Me legg vekt på praktisk opplæring, gjennomgang av prosedyrar og trening på simulerte pasientar/situasjonar. Vårt ynskje er at deltakarane skal kjenne seg tryggare – og med god grunn – når akutte situasjonar oppstår i det verkelege liv på og utanfor legekantoret. Det vert også lagt vekt på teamarbeid og kommunikasjon rundt akutte hendingar.

**NB! Me gjer merksam på at nokre av dei praktiske øvingane vil vere utandørs (2. kursdag). Det vil difor vere behov for varme klede og varmt fottøy.**

Kurset er godkjend av Helsedirektoratet som Akuttkurs for legevaktspersonell, med føresetnad om at nettkurs er gjennomført. Utgifter til nettkurs vert refundera hjå Fylkesmannen saman med reiseutgiftene. Kurset vert og gjennomført etter egne smittvernregler frå Helsedirektoratet.

Ansvarleg for kurset er sjukepleier på legevakt Grete Venås og kommunelege Hanne Nikkels og kommuneoverlege Kine Jordbakke i Seljord.

I samband med ny forskrift for legevaktspersonell trengs det eigenopplæring i form av nettkurs før akuttkurset. Alle deltakarane på akuttmedisinkurset i Seljord må difor ta 3 nettkurs. Kursbevis frå nettkursa må synast fram. Arbeidsgjevar skal legge til rette for (eventuelt ved å gje 8 timar avspasering) at nettkursa kan verte fullført. Nettkursa kostar 250 kroner per stykk, kostnadene vert refundert av Fylkesmannen (saman med reiserekninga for kurset):

1. Volds- og overgrepshåndtering: <https://kurs.uni.no/enrol/index.php?id=15>

2. Akuttmedisin <https://kurs.uni.no/course/view.php?id=16>

Desse to kursa finn de på OPPVAKT



3. I tillegg må de ta eit kurs på NAKOS, kurs for brukarar av radioterminal

Gå inn på [Nakos.no](http://Nakos.no), opprett egen bruker, gå til kurs, velg nødnett og e-læring. Motorola er radioene som blir bruka.

De må ta med kursbevis for gjennomgått kurs for å få akuttkurset fullt ut godkjend.

### **Praktiske opplysningar**

Oppmøtestad er Granvin kulturhus i Seljord, [www.granvinkulturhus.no](http://www.granvinkulturhus.no).

Overnatting og middag på Nutheim Gjestgiveri ([www.nutheim.no](http://www.nutheim.no)) vert tinga av kursarrangør dersom ikkje anna vert opplyst om ved påmelding. Alle deltakarane får eige rom. LIS1 som til vanleg bur i same husstand/er sambuarar kan dele rom. Det er fint om dette vert opplyst ved påmeldinga,

LIS1 får dekt sine utgifter (kursavgift, nettkurs, reise og opphald) frå Fylkesmannen i Vestfold og Telemark.

**Bindande** påmelding (elektronisk) til Fylkesmannen i Vestfold og Telemark

<https://www.fylkesmannen.no/nb/vestfold-og-telemark/kurs-og-konferanser/2020/09/kurs-i-akuttmedisin-for-lis1-i-omrade-telemark-hosten-2020/>

**innan 29. august 2020.**

Program for kurset ligg ved.

Velkomen!

Med helsing

Randi Askjer (e.f.)  
fagsjef

Ellen Bang Andersen  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

1 Program - akuttmedisinkurs område Telemark - leger i spesialisering del 1 hausten 2020